

# Fjordingen FØR

Tips oss på 57 87 45 00, epost: redaksjon@fjordingen.no

## 10 ÅR SIDAN

### Bonde frå Oppstryn på mjølka

Vakre bilde frå Brekke i Oppstryn har gått landet over som TINE-reklame etter at Oddgeir Brekke sa ja til å bli «melkekartongmodell». Eit prosjekt der gardar frå ulike kantar av landet skal vere med for å skape blest om norsk landbruk og norsk mjølkeproduksjon. – Eg veit ikkje om eg hadde sagt ja om eg hadde visst at saka skulle få så mykje merksemd, seier han når vi kjem til garda med mjølkekartongen med bilde både av Inger og Oddgeir og også garden deira. Den ligg fritt og fint 250 meter over Oppstrynsvatnet. I tillegg til mjølkekartongen summer det også ein liten video på nett, og det er born som har ringt fordi dei vil sjå kua som er med på kartongen. – Målet med det heile er å få borna interessert i landbruket, og det kan sjå ut som om det har lukkast, seier Brekke, som ikkje vil ha så mykje snakk om at han har blitt «rikskjendis». Sjølv drikk han mjølk frå tanken med unnatak av sommarmånadane når dei ikkje har mjølk sjølve. Då kjøper han gjerne ein kartong med bilde av seg sjølv og kona.



PÅ MJØLKA: Inger og Oddgeir Brekke med melkekartongen. FOTO: INGE FÆNN



### Kyrne ut – smalfilmen inn

Kyrne er borte for lenge sidan. I dag er det filmkamera som surrar og går i fjøsen til Larsbruket på Hilde i Innvik. Båsaner er borte, men på benkane står topp moderne utstyr for digitalisering av gamle filmar. – Det er viktig å sjå framover, men slagordet mitt er at vi skal ta vare på fortida for framtida. Det løyner seg mykje god historia i åttemillimetersfilmene frå 50 - 60 og 70 åra. Ei historie som snart vil vere borte om filmene ikkje vert tekne var på, seier Steinar Hilde. Han tek oss med inn i det nye «fjøsrommet» som er bygt om for digitalisering av film og bilde. Her er han i ferd med å skape seg ein heilårsarbeidsplass i den gamle fjøsen. Han ser ikkje bort ifrå at det kan bli fleire arbeidsplassar med tida.

FRÅ FE TIL FILM: Steinar Hilde på plass i fjøsen der han no har topp moderne utstyr til digitalisering av filmar. FOTO: INGE FÆNN

## 25 ÅR SIDAN

### Førebud speidarkongress i Stryn

No i februar skal speidarar mellom 16 og 24 år samlast til den årlege forhandlingskongressen. Mildri Andreassen, Marte Lønne Ulvedal, Sølvi Håøy Nygård, Ingeborg Hess-evik, Cecilie Jørgensen og Lillian Heimlid (bildet) er i full gang med å førebu kongressen. Hovudaktiviteten er lagt til kulturhuset, og strynespeidarane si oppgåve er i hovudsak å ordne forhandlingslokale, overnatting, mat, undehaldning og informasjon for rundt 160 speidarar.




STOR JOBB: Speidarane i Stryn gjer ein stor jobb med å førebu speidarkongressen.

## 50 ÅR SIDAN

### Idyllisk, men svært kronglete

Eit romantisk bilete av Løken bru i Olden. Det er som klipt ut av ein turistbrosjyre. Men for dei som skal over her med noko som berre er litegrann større enn ei VW boble byr den smale brua og 90-gradersvingane på problem. Å køyre over med ein større buss er eit kunststykke, om lag like vanskeleg som å få tannkremen ned att på tuba. Når ein endeleg er komen velberga over ventar to km med trang og krokut kjerreveg. For ei lette det ville ha vore å få det skikkeleg her!



TRANGT OG KRONGLETE: Løken bru, smal bru med 90-graderssvingar i kvar ende.